

# Fjell kyrkje- blad

Nr. 4/21  
INFORMASJON  
Fjell, Foldnes og Landro sokn



## **BABYSONG OG OPEN BARNEHAGE**

Hannah og Mette Algrøy  
Syrstadeng på babysong  
s. 4

## **FRIVILLIG PÅ BASECAMP**

Basecamp treng trygge og gode  
vaksne som kan vere frivillige  
s. 7

## **MISJONSKVELD I FJELL**

Marit Ngamshalad var på besøk i  
kyrkja og fortalde om prosjektet SSL  
s. 8

## Leiar

**Annlaug Børve**

Ansvarleg redaktør



### Kom og sjå!

Dette var Jesus sitt inviterande svar til to menn som følgde etter han, og som lurte på kvar han budde. Jesus sitt inkluderande svar la til rette for fellesskap, nærleik, open og ærleg kommunikasjon og eit heilt nytt liv for dei to.

Gjennom ein lang, seig pandemi, er det kanskje akkurat dette vi kjenner at vi har sakna. Fellesskap med andre. Å kunne gje kvarandre ein klem, kanskje ta ein kaffikopp saman over ein god samtale i godt lag.

Og endeleg nærmar det seg tida for ei nyopning av samfunnet. Vi gler oss til igjen å kunne invitere til kyrkje, utan å måtte passe på at folk held avstand til kvarandre. Samtidig er vi spente: Har folk endra vanar? Har pandemien skapt nye behov, og korleis kan vi som kyrkje møte desse?

Så til nye og gamle kyrkjegjengarar seier vi: Kom og sjå!

Kva synest du er bra i kyrkjelyden du høyrer til? Kva saknar du? Kva kunne du tenkt deg vart gjort på ein litt anna måte? Send meg ein e-post, eller ring meg (sjå kontaktinfo på s. 19) og fortel meg kva du tenkjer. Du kan sjølv vere med og skape den fellesskapen Jesus inviterer oss til å vere ein del av. Ein fellesskap der spora etter Jesus kan merkast i menneske si erfaring av fridom, lækjedom og ei ny retning på livet.

Velkomen til kyrkje!

## Kveldsbøn

med retreatpreg i Fjell kyrkje

22. september • 20. oktober  
17. november • 8. desember • 15. desember

**Ein onsdag i månaden kl. 20 inviterer kyrkjelyden til kveldsbøn.**

Samlingane har retreat-preg, og høver for alle som treng ein pustepause med påfyll. Ein kan setje seg i benken og finne ro og stilla i den vakre kyrja. Alle får utdelt ark med teksta til søndagen, slik at ein kan lese, be og tenke over desse sjølve. Ein kort innleiane refleksjon kring teksten vert alltid gjeven. Ein onsdag i semesteret vert det nattverd. Hjarteleg velkommen!

## Innhald

KJEKT MED OPEN BARNEHAGE .....	4-5
FRIVILLIG PÅ BASECAMP .....	7
MISJONSKVELD I FJELL KYRKJE .....	8-9
LYDDUGNAD I FOLDNES KYRKJE .....	10
BØNERING I LANDRO KYRKJELYD.....	11
T-DAGEN .....	12-14
KONSERTAR.....	15
GUDSTENESTEOVERSIKT .....	16
LIVETS GANG .....	17

## Blir alt bra til slutt?

Helt siden våren 2020 har vi lest og sett plakater og tegninger og bilder og oppslag på vegger og vinduer i og ved offentlige bygninger med teksten "Alt blir bra". Dette har hatt, og har, som vi vet, sammenheng med pandemien som har så å si terrorisert oss gjennom 18 måneder.

Det har ikke manglet på løfter om at alt blir bra, også fra politisk hold. Og sant skal sies, ting har blitt bedre, og hverdagen oppleves litt mer som hverdagen var en gang før pandemien. Men når kan en si at alt ble bra, til slutt. Det gjelder i pandemien, det gjelder i helsesammenheng, det gjelder i miljøspørsmål, det gjelder i politiske sammenhenger, i skolemiljøet, i kristenmiljøet og vi kjemper på for at alt skal bli bra på alle nivåer. Og det loves frimodig at alt skal bli bra. Hvor lenge må vi vente på at alt skal gå hundre prosent på skinner og hvem kan egentlig love noe slikt og innfri på et eller annet tidspunkt? For mange blir mye nesten bra, for andre blir det

kanskje aldri helt bra, dette livet. Folk lider i fattigdom, krig og elendighet uten framtid og håp.



Og hva da? Hva har vi som kirke å tilby? Kan vi love at alt blir bra? Og med hvilken rett?

Jeg får lov å tro på Bibelens åpningsord om at Gud skapte. "I begynnelsen skapte Gud himmelen og jorden." "Gud så på alt det han hadde gjort, og se, det var såre godt". Han var og er den første. Jeg får lov å tro

på Bibelens siste ord: "Jeg er Alfa og Omega, den første og den siste, begynnelsen og enden." Vår skaper og Frelser kommer tilbake og vil, på dag og tid ingen kjenner, sette alt i rette stand. Og i mellomtiden, merkelige greier, men likevel, sitat: "La den som gjør urett, fortsatt gjøre urett, og den urene fortsette i sin urenhet! La den rettferdige fortsatt gjøre det som er rett, og den hellige fortsette i helliggjørelse. Se, jeg kommer snart og har min lønn med meg for å gjengjelde enhver etter hans gjerning." Og hva er gjerningen? "Dette er den gjerningen Gud vil dere skal gjøre: å tro på Ham som Gud har sendt." "Jeg vet at min gjeløser lever, og som den siste skal Han stå frem på jorden". Da blir alt bra, det satser jeg alle mine kort på.

Til ære for Faderen og Sønnen og Den Hellige Ånd, som var, er og være skal, en sann Gud fra evighet til evighet. Amen.

**Olav Sørheim**



# Kjekt med open barnehage

For å vere lett tilgjengeleg for småbarnsfamiliar i nærmiljøet, flytta KFUK-KFUM Øygarden ein av sine tre avdelingar til Landro kyrkje i vår. Her er det babysong ein gong i veka og open barnehage tre gonger i veka.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Babysong og open barnehage er veldig sosialt, her har dei samla seg til felles lunsj. Maten må dei ha med seg, men dei får tilbod på kaffi eller te.

## Babysong

Mette Algrøy Syrstadeng er mamma til Hannah på 6 månadar, dette er første gong dei er på babysong i Landro. Hannah strålte nøgd etter babysongen. – Ho var veldig gira og syntest det var veldig kjekt med song,

musikk og såpebobler, fortel Mette. Då storebroren var baby, gjekk dei på babysong i Fjell kyrkje. Men no når dei har starta opp babysong i Landro kyrkje, tenkjer ho at dei skal kome her fleire gonger. – Det er kjekt å finne på noko på dagen, seier Mette.

Maria Granum er med og leier babysongen og kan fortelje at det har vore ei roleg oppstart i haust med to samlingar og seks ulike deltakarar til saman. No i koronatidene må dei ha ei grense på 10 babyar med følgje for å kunne halde riktig avstand.



Hannah likte seg på babysongen.



Mariel Strandheim og sonen Birk koste seg på open barnehage.

Babysongen varar omtrent ein halv time og etterpå vert dei invitert ned til kjellaren på kaffi og te. Her kan dei ete medbrakt lunsj og småprate saman.

## Open barnehage

I kjellaren er det open barnehage frå kl. 09.15 til 14.45. Her kan dei som er heime med barn under skulealder kome og vere med på leik, songstunder, aktivitetar og felles lunsj. Av og til går dei også tur saman.

Mariel Strandheim er her saman med sonen Birk på 9 ½ månadar. Ho fekk høyre om open barnehage via naboen. – Birk har så mykje energi

heime, så det er godt at me kan komme hit og få ut litt av energien, seier ho. Birk visar seg fram ved å sitte i stolen og lage brummelydar medan han et bananen sin. – Hadde eg visst om tilbodet tidlegare hadde vi prøvd det ut før.

Tove Karin Lyngsmo Angeltveit er pedagogisk leiar i kfuk-kfum åpen barnehage Øygarden, avd Landro. Ho kan fortelje at dei får gode tilbakemeldingar om kor kjekt det er å kome her og møte andre vaksne, medan ungane får leike med andre barn. – Det er eit veldig fint tilbod, seier Mariel.

## KFUK-KFUM ÅPEN BARNEHAGE I LANDRO KYRKJE

- Kvar måndag, onsdag og torsdag kl. 9.45-14.45
- Ein kan kome og gå som det passar, det må vere ein vaksen med.
- Leik, samlingsstund, aktivitetar, felles lunsj og turar.
- Babysong onsdagar kl. 10.30
- Facebook: KFUK - KFUM Åpen barnehage Øygarden



## TenSing seminar 22.-24. oktober

Ulike seminar: Felles-kor - Band - Dans/drama - Lydteknikk - Solist

Konsert i Foldnes kyrkje søndag 24. oktober kl. 18.00

TenSing Lukas er eit ungdomskor som held til i Foldnes kyrkje. Dei inviterer til seminarhelg med flotte instruktørar frå TenSing Norway. Alle ungdommar som er interessert i musikk er velkomne. Pris: 100,- for heile helga - For ungdom frå 8. klasse.

Påmelding: [www.kyrkja.no/foldnes/tensing](http://www.kyrkja.no/foldnes/tensing)

# Frivillig på Basecamp?

Basecamp treng trygge og gode vaksne som kan vere med på å gje ungdom ein trygg plass å vere etter skuletid.

TEKST OG FOTO: YNGVILD MØRNER SØRHEIM



Renate Olsen jobbar som frivilligkoordinator på Basecamp.

## BASECAMP

- Eit rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak for ungdom mellom 13 og 20 år
- Oppretta i 2004, med tre eigarar: Sartor senter, kommunen og kyrkja.
- Ope hus tysdag, onsdag og torsdag
- Har lokale over Burger King på Sartor Senter.
- [www.basecamp-sotra.no](http://www.basecamp-sotra.no)

Snart kan du bli med på noko heilt spesielt:  
**Ein heilt normal kyrjekonsert.**

Renate Olsen byrja som frivillig på Basecamp for snart ni år sidan, no er ho frivilligkoordinator på Basecamp. – Å vere frivillig er veldig kjekt, seier Renate. I dag har Basecamp ein fast frivillig som har vore der sidan 2019, men dei ønske fleire.

### Litt om Basecamp

Alle typar ungdom nyttar seg av Basecamp. Her er det ope hus tre dagar i veka; tysdag, onsdag og torsdag. Dei får tilbod om gratis mat, drikke og ulike typar aktivitetar. Ungdomane kjem for å møte andre vener, eller bli kjent med nye. Det er mange som kjem direkte etter skulen medan dei ventar på bussen heim, eller at dei skal vidare til ein aktivitet.

– Å jobbe her vil seie at ein er med på å skape ein trygg plass for

ungdommane våre. Ein får oppleve kjekke møte og samtale med ungdomane, og nokre gongar får ein lov å ta del i nokon sitt liv som gjerne betyr mykje for dei, fortel Renate.

Samtale, nærvær av gode trygge vaksne og rettleiing innan alle tema som måtte dukke opp er viktig på Basecamp. Her er det tilbod som jente- og gutegrupper, leksehjelp, hasjavenningskurs, naskerisamtalar, temakvelder for ungdom og egne temakvelder for føresette.

### Å vere frivillig på Basecamp

Nokre av oppgåvene til ein frivillig kan vere å bidra på kjøkkenet, spele forskjellige spel saman med ungdomen, hjelpe med lekser (om ein føler seg kompetent til det), rettleie og ha gode samtalar.

– Vi håpar også på at pensjonistar vil ta kontakt og vise sin interesse i å vere frivillig, seier Renate engasjeret.

Dei som jobbar på Basecamp, enten dei er tilsett eller frivillig, har teieplikt.

**Om du er interessert i å melde deg som frivillig, kan du ta kontakt med Renate Olsen på telefon 942 10 357.**

Då kan ein avtale tid for ein samtale. Den frivillige må framvise ein politiattest og får opplæring. Det blir tett oppfølging vidare. Det er også mogleg å arbeide frivillig inn mot Basecamp sine arbeidstiltak, som sykkelverkstaden og butikken eller redesignverkstaden.

# Misjonskveld i Fjell kyrkje

Eg sit att med eit Jesus-sitat etter misjonskvelden 1. september i kyrkja;  
«Det du har gjort mot ein av mine minste små, det har du gjort mot meg»

TEKST OG FOTO: ANNE LUDVIGSEN KALDESTAD



Marit Ngamshalad fortalde mykje om sin veg inn i arbeidet for dei små i Laos.



Etter foredraget vart det servert thaisuppe.

Fjell kyrkjelyd ynskjer å hjelpe, bidra og vere der for dei minste og fattigaste i verda. Sjå lenger enn sin eigen nasetipp, om du vil. Dette er hjarta i alt misjonsfokus.

Heilt konkret støttar kyrkjelyden eit privatdrive misjons- og bistandsprosjekt i Laos kalla School Support Laos (SSL). Prosjetet er leia av Marit Ngamshalad, og kyrkjelyden har i fleire år hatt avtale om årleg støtte til arbeidet gjennom kollektar og fast gjevarteneste.

Marit var nett på besøk i kyrkja og fortalde om prosjektet sine to viktige fokus:

1) Støtte til skulegang for dei fattigaste barna i Savannaked provinsen i Laos. Ein gong i året gjennom heile grunnskulen får barna ein pakke med skolemateriell, skoleuniform og hygieniske artiklar. Dette er faktisk alt dei treng, sidan skulegangen er gratis i Laos. Familiane treng allikevel både støtte og motivasjon for å prioritere å sende

barna sine på skule. Difor er jamleg besøk og kontakt med familiane svært viktig.

2) Utdanning av lokale lærarar i området. Til nå har SSL utdanna 94 lærarar og gjeve desse gratis treårig lærarutdanning. Lærarstudentane kjem frå stammelandbyane i fjellområda. Lokale språk og kulturkunnskap er nøklar for vellukka undervisning. Etter endt utdanning er dei klare til å reise tilbake til sitt

distrikt å drive skule for sine egne. Slik vert nærmiljøa støtta og løfta.

Prosjektet SSL arbeider altså etter prinsippet hjelp til sjølvhjelp i Laos. Med å støtte og løfte skule og utdanning kan landet byggast på ein god måte.

Marit fortalde mykje om sin veg inn i arbeidet for dei små i Laos, og om korleis Gud opnar dører også inn i eit kommunistisk land som Laos. Bistand og diakoni er den måten ein driv kristen misjon på der ein ikkje kan snakke så mykje om kristen tru. Ein lyt bygge tillit, gjere det gode i Jesu namn og samarbeide med styresmaktene for å løfte folket ut av fattigdom. Altså; misjon gjennom bistand.

Fjell kyrkjelyd er stolte av å være med på dette arbeidet, og har

signert kontrakt vidare for å støtte prosjektet. Septemberkvelden gav både tid til ettertanke, fellesskap, smak av herleg thaisuppe og ikkje minst eit utblikk og eit innblikk i misjonens viktige virke.

No er utfordringa; Vil fleire være med på å gi fast til kyrkja sitt misjonsprosjekt? Som fast gjevart kan den einskilde av oss være med å gje små fattige menneske både skule, opplæring og eit verdig liv.

Det er Jesu ord som motiverer oss: «Det du har gjort mot ein av mine minste små, det har du gjort mot meg».

Du kan lese meir om gjevartenesta på kyrkja sine nettsider: [www.kyrkja.no/fjell/givarteneste](http://www.kyrkja.no/fjell/givarteneste)

## Jazzgudsteneste i Foldnes kyrkje

Søndag 3. oktober kl. 11.00  
blir det jazzgudsteneste  
i Foldnes kyrkje.



Dette er ei nattverdsgudsteneste ved sokneprest Maria Tveten, der vi syng både gamle og nyare salmar, med nyskrivne arrangement i jazzen sitt tonespråk. I tillegg blir det nyskriven musikk til alle dei liturgiske ledda i gudstenesta, i form av ei Jazzmesse komponert av Aasmund Brekke i høve 150-årsjubileet for Os kyrkje i 2020. Messa blir framført av eit lite kor frå forsongargruppa i Foldnes kyrkje: Lene Innerdal, Ingrid Rebnord, Beate Sørhus, Trond Høvik og Øyvind Angelskår.

Orkesteret som medverkar er det same som deltok ved urframføringa i Os kyrkje i mai 2021:

Helge Haukås – trompet  
Tonje Hernes – altsax  
Inge Brækhus – trombone  
Jon Martin Skauge – gitar  
Aasmund Brekke – piano  
Arne Hernes – bass  
Mikael Chauvet Jørgensen – trommer.


Er dette noko for deg? Bli med på ei øving tysdag kl. 17.30. (18.35 for tweens). Foreldre til dei minste bør vere med.

Av omsyn til koronasituasjonen er det fint om vi får ei melding på førehand om kven som kjem. Vi tek smittevern på alvor.

Mvh. Eline Olsen, organist og barnekoreiar i Landro kyrkje.  
Tlf. 906 05 332,  
email: [eo632@kyrkja.no](mailto:eo632@kyrkja.no)

## Landro barne- og tweenskor

HAUSTEN 2021



**Barnekoret** i alderen 1-4 klasse, øver kvar tysdag frå 17.30 til 18.25 i Landro kyrkje.

**Tweenskoret** i alderen 5-8 klasse, øver kvar tysdag frå 18.35 til 19.30 i Landro kyrkje.

Vi følgjer for det meste skuleruta. Semesteravgift kr. 100,-

### Det som skjer i haust:

- Søndagane 24. oktober og 28. november er det familiegudstener, der kora er med og syng!
- Søndag 12. desember er det «Vi syng jula inn» i Landro kyrkje, der barne- og tweenskoret deltek saman med andre frivillige.
- Søndag 12. desember er vi med på "Vi syng jula inn".
- I januar 2022 er det julefest i kyrkja, der vi òg er med.
- Av og til arrangerer vi konsertar med ulike artistar, der kora er med og syng!

# Bli med på *Lyddugnad*

**Foldnes kyrkje  
fredag 22. oktober kl. 19.00**

## Konsert med:

- Trond Olsen
- Roy Vorland
- Solveig Mo
- Bergljot Gjedrem
- Lisa Andersen
- Solveig Algrøy Hjørnevik
- Trygve Hellesten
- Aasmund Brekke
- Erlend Gjøn
- Tor Håvard Wiig
- Kveldstankar ved sokneprest Maria Tveten
- Foredrag om livsmeistring ved Hein Kvalheim: Kva er viktig i livet?

**Vi samlar inn pengar til nytt lydanlegg i Foldnes kyrkje,  
til glede for alle som deltek i gravferd, vigsel, konsertar mm.**

**Pris: 500,-**

**Billettar kan kjøpast ved gudstenester i Foldnes kyrkje  
frå 19. september eller på [ticketco.no](https://www.ticketco.no)**

## Bønering i Landro kyrkjelyd

I februar var det vanskeleg å møte kvarandre fysisk. Det vart då starta ein bønering i Landro kyrkjelyd. Målet var å fremje bønervedsemd og bønefelleskap, sjølv om ein ikkje fekk vere saman.

**TEKST OG FOTO: BJARTE NESE**



Jan Frank Leirkar Christiansen er med i redaksjonen for den digitale bøneringen.



I bøneringen ber den einskilde på kvar sin stad, men i utgangspunktet til same tid som dei andre.

Det er ein redaksjon med Jan Frank Leirkar Christiansen i spissen, som administrerar verksemda. Ein tek imot bønne- og takkeemne på mail-adressa [viberilandro@gmail.com](mailto:viberilandro@gmail.com). Redaksjonen står for redigering og anonymisering. Med mindre den det gjeld utrykkeleg ønsker å bli identifisert, unngår ein bruk av namn. Eldre bønneemne viker for nye, slik at ein held seg til totalt 20 bønneemne kvar veke. Desse blir sendt ut på

mail til deltakarane i ringen. Ei ny emneliste vert sendt ut kvar tysdag, før bønestunda kl. 20.00 same dag. Då er den enkelte deltaker med, der ein er. Bøna er det som bind saman. Kl. 19.30 mottek ein også sms med påmining om bønestund.

Denne måten å gjere det på, kombinerer lønkammerbøna med fellesskapet si bøn. Bøn er grunnlaget for samlivet med Gud. Utan bøn stilnar Anden sin rolle mellom oss. Å be for kvarandre er å leve ut tru og kjærleik. Sjølv om ein ikkje er fysisk samla blir ein del av eit fellesskap

i hjarte og tanke. Starten var noko forsiktig, men no tel bøneringen 30 deltakarar. Det er ei glede når nye blir med i ringen, og det kjem jamleg inn bønne- og takkeemne. Gjensidig tillit er viktig for at bøneringen skal leve. Fellesskap i bøn gjer styrke i trua og glede, og mange gonger har ein registrert at Gud er verksam. Ein treng ikkje vere medlem i bøneringen for å sende inn bønne- og takkeemne.

**Ønskjer du å bli med i ringen,  
kan du melde det til mailadressa  
[viberilandro@gmail.com](mailto:viberilandro@gmail.com).**



### T7 Pilegrimsvandring

Søndag 15. august gjekk dei som fyller 7 år i år saman med familien frå Morland til Fjell kyrkje .

Sjølv med regn gjennom heile turen vart det ein veldig fin T7-dag. Her lærte dei om kva det er å vere pilegrim, om den gamle kyrkje- og skulevegen frå Morland til Fjell kyrkje, om kjøttetande plantar og mykje meir.

### T6 Skulestartdag

Fordelt på tre dagar var det skulestartdag i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje. Her vart det utdeling av fin 6-årsbok til dei smilande, hoppande, dansande og spente førsteklassingane. Temaet for dagen var Sakkeus og "ny start".





# Velkommen på T-dagar!



## T11 På sporet

**Fredag 24. september kl. 17-21** i og rundt Landro kyrkje. Alle sjetteklassingar er hjarteleg velkomne til å treffe bibelske personar som har spanande historiar å fortelje.



## T10 Tweens

**Fredag 29. oktober kl. 18-21** er femteklassingane velkomne til å bli betre kjende med tweensgjengen i Fjell kyrkje. Mange kjekke aktivitetar.

## T9 Tårnagent

Alle fjerdeklassingar er velkomne til å løyse spanande agentoppdrag og bli betre kjende med Fjell kyrkje. T9-dagen er på planleggingsdagen **fredag 5. november kl. 8.30-16.**

## T12 LysVaken

Den siste helga i november, altså **fredag 26.- søndag 28. november**, blir det «T12 LysVaken» i Fjell kyrkje for både 2008- og 2009-kullet. Vi deler deltakarane opp i to grupper, etter kva kyrkje dei soknar til. Dei som høyrer til Foldnes og Landro kyrkjer, er på LysVaken (i Fjell kyrkje) frå fredag til laurdag. Dei som høyrer til Fjell kyrkje, er på LysVaken frå laurdag til søndag. NB: På søndagen kjem alle deltakarane til adventsgudsteneste kl. 11 i si eiga, lokale kyrkje.

## T3 Advent

**Søndag 28. november kl. 11** er alle treåringar og deira familiar hjarteleg velkomne til flott og fargerik familiegudsteneste i Foldnes, Fjell og Landro kyrkjer. Alle treåringane skal få bok. Oppmøte for registrering ca. 30 minutt før gudstenesta startar.



Endringar kan skje på kort varsel.  
Følg T-dagen på facebook for oppdatert informasjon.  
[www.kyrkja.no/t-dagen](http://www.kyrkja.no/t-dagen)

## Faste aktivitetar i kyrkjene

Du er hjarteleg velkomen til samlingar og aktivitetar!

### Foldnes kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.  
**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Bli annonsert. Kontakt: Elisabeth M. Jung tlf. 930 64 205  
**Bibel, bønn & lovsong:** Siste søndag kvar månad kl. 19.00. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881  
**KM Kluzz:** Ca. ein tysdag i månaden kl. 16.30–18.30. Myldredag m. middag og aktivitet, for heile familien. Kontakt: Janne-Lin Fjeld Andersen tlf. 950 14 498  
**RAMP:** Annankvar tysdag kl. 19.30. Inspirerande temakvelder med husband og kaffi. Kontakt: Janne Mo tlf. 478 23 425  
**Gospelkor:** Kvar onsdag kl. 19.30–21.30. Frå 18+, ingen øvre aldersgrense Kontakt: Renate Olsen tlf. 994 63 819  
**Treff i Foldnes:** I kyrkjelydssalen første onsdag kvar månad kl. 11.30–14.00. Varm mat, undervisning og fellesskap. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881  
**Lillelørddag:** For 5.–7. klasse, ein onsdag i månaden. Kontakt: Maria Tveten tlf. 450 63 016  
**Lukas Ten Sing:** Måndagar frå kl. 18.30. For deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Anne Ådland tlf. 953 63 630  
**Ungdomslørdag:** Annankvar laurdag frå kl. 19.00–22.30, for deg som går i 8. klasse og oppover. Kontakt: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984  
**Mannsgruppa:** Ein torsdag i månaden. Temakvelder, turar og godt lag. Kontakt Geir Roald Viken, tlf. 922 63 531  
**Basargruppa:** Ein torsdag i månaden. Eit enkelt måltid og handarbeid. Kontakt: Toril Herdlevær Kvalheim tlf. 907 29 222

### Fjell kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.  
**Søndagsskule:** Under fleire gudstenester i semesteret. Bli annonsert. Kontakt: Torun Svennevik tlf. 976 71 161  
**Kveldsbøn:** Ca. ein onsdag i månaden kl. 20.00. Tekstlesing, musikk og bøn. Kontakt: Anne Ludvigsen Kaldestad tlf. 971 42 176  
**Morgonbøn:** Kvar onsdag kl. 07.00-07.20. Kontakt: Morten Trosvik tlf. 909 37 169  
**Tweensklubben:** Annankvar fredag kl. 19.00–21.00. For deg som går i 5. klasse og oppover. Kontakt: Søgne Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646  
**Vokalensemblet Sotra reviderte:** For alle som vil syngje i a cappellakor, tysdagar kl. 19.00–21.30. Kontakt: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603  
**Fjell kyrkjebrass:** Om du spelar brassinstrument. Annankvar torsdag kl. 20.00–21.30. Kontakt: Anne-Grethe Sangolt Hagenes tlf. 452 19 710  
**Fjell barnekor:** Barnekorot øver annankvar onsdag (oddetalsveker) kl. 17.30–18.30. Kontakt: Eivind K. Lie tlf. 408 85 692

### Landro kyrkje

- Gudsteneste:** Dei fleste søndagar kl. 11.00.  
**Onsdagsmøte:** I kyrkjelydssalen kl. 19.30 kvar fjortande dag. Tale, lovsong og sosialt samvere. Kontakt: Dag-Olav Bjørøy tlf. 917 51 706  
**Taco-fredag:** Ein gong i månaden kl. 17.00–19.00 (Er no på koronavent) For heile familien. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437  
**Landro Barnekor:** 1.–4. klasse, kl. 17.30–18.25 kvar tysdag.  
**Landro Tweenskor:** 5.–8. klasse, kl. 18.35–19.30 kvar tysdag. Kontakt: Eline Olsen tlf. 906 05 332  
**Treff i Landro:** I kyrkjelydssalen siste onsdag i månaden kl. 11.30–14.00. Fellesskap med god mat, undervisning og song. Kontakt: Ellen Ebbesvik tlf. 924 42 881  
**Ungdomsklubb:** I kyrkjelydssalen nokre fredagar kl. 18.30–21.00. 8. klasse og oppover. Kontakt: Bjarte Nese tlf. 915 32 437

## FOLDNES KYRKJE 20-ÅRSJUBILEUM

### Triokonsert med Marthe Wang



**Fredag 12. november kl. 19.30**  
Foldnes kyrkje

Billetter på [ticketco.no](http://ticketco.no)



BALD AND BEAUTIFUL PRODUCTIONS AS PRESENTERER  
TORSTEIN SODAL MARIA ARREDONDO CHRISTIAN INGEBRIGTSEN TINE THING HELSETH GAUTE ORMASEN



Med Gospel tweens og Landro Tweens

**Landro kyrkje 5. desember kl. 17.30**

Billetter: voksen kr. 515,- og barn kr. 325,-

Kapellmester: Øystein Lund Olafsen.

Billettene kjøpes på **ticketmaster** og ved inngangen



## Fjell kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 26. september	11:00	Gudsteneste	Jan Tommy Fosse	Dåp	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 3. oktober	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Kirkens SOS
Søndag 10. oktober	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Kirkelig dialogsenter Bergen
Søndag 24. oktober	11:00	Familiegudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	Eige arbeid
Søndag 31. oktober	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Den Norske Israelsmisjon
Søndag 7. november	11:00	Allehelgensgudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Misjonsprosjekt Thailand/Laos
Søndag 14. november	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp	Søndagsskolen i Fjell kyrkje
Søndag 21. november	11:00	Gudsteneste	Morten Torsvik	Nattverd	Eige arbeid
Søndag 28. november	11:00	Familiegudsteneste T3/T12	Morten Torsvik	Dåp	Dåpsopplæring i Fjell kyrkje

## Foldnes kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 26. september	19:00	Kveldsgudsteneste	Knut Kaldestad		Alpha Norge
Søndag 3. oktober	11:00	Jazzgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Sjømannskirken
Søndag 17. oktober	11:00	Gudsteneste med dåp	Maria Tveten	Dåp	Eige arbeid
Søndag 24. oktober	11:00	Familiegudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Norges KFUK-KFUM
Søndag 31. oktober	19:00	Kveldsgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	Areopagos
Søndag 7. november	11:00	Allehelgensgudsteneste	Jan Tommy Fosse	Nattverd	Kirkens SOS
Søndag 14. november	11:00	Jubileumsgudsteneste	Maria Tveten	Nattverd	IKO - Kirkelig pedagogisk senter
Søndag 28. november	11:00	Familiegudsteneste T3	Maria Tveten	Nattverd	NMS Thailand/DNI - Jesu døtre

## Landro kyrkje



Dato	Kl.	Gudsteneste	Prest	Dåp/Nattverd	Takkoffer
Søndag 26. september	11:00	Gudsteneste	Maria Tveten	Dåp	Misjonsprosjekt NMS i Thailand
Søndag 3. oktober	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	Ope offer
Søndag 17. oktober	11:00	Gudsteneste	Knut Kaldestad	Dåp og nattverd	Blå Kors
Søndag 24. oktober	11:00	Familiegudsteneste	Bjarte Nese	Dåp	TV-aksjonen
Søndag 31. oktober	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Modum Bad
Søndag 7. november	11:00	Allehelgensgudsteneste	Bjarte Nese	Nattverd	Stefanusalliansen
Søndag 21. november	11:00	Gudsteneste	Bjarte Nese	Dåp og nattverd	Eige arbeid
Søndag 28. november	11:00	Familiegudsteneste T3	Bjarte Nese	Dåp	Misjonsprosjekt NMS i Thailand

Endringar kan komme, i tillegg vert det arrangert fleire dåpsgudstenester i avtale med dåpsfølget.

Følg med på nettsidene: [www.kyrkja.no/oygarden](http://www.kyrkja.no/oygarden)

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

SOS  
22 40 00 40

SOS  
CHAT

SOS  
MELDING

KIRKENS  
SOS

## Fjell kyrkje

## Døypete

23.05.2021

Ida Nordvik  
Klara Georgine Wiik Eide  
Alva Oen-Karlsen

06.06.2021

Magnus Bjerk Nordanger  
Ingrid Gjerstad Markhus  
Mathilde Stavland Bjordal  
Peder Nesse Steffensen

13.06.2021

Hannah Ahnell Havikbotn

20.06.2021

Ada Halås Lind  
Leo Gjertin Vindenes Hjelme  
Max Johnsen Østby  
Jonas Smaadal Barsnes  
Samanta Holt Tangen  
Njål Olai Diamada-Sundal  
Helene Vildskog Lie

01.08.2021

Linnea Langeland Johansen  
Jon Melkevik Johansen

22.08.2021

Sigurd Lie Lervik  
Olai Eikås Gaulen  
Olav Skålevik Aase  
Filip Haugland  
Isak Nakken Espeland  
Aaron Sakslo Nordanger

04.09.2021

Ella Lie Rong  
Nora Kaarevik Nordvik  
Sofia Lokøy Sørensen  
Ella Louise Sørenes Furhovde  
Emiliano Christoffersen

05.09.2021

Ida Foldnes  
Emma Melås  
Victor Turøy Røslund

## Vigde

05.06.2021

Marianne Jansen og Stian Ormevik

26.06.2021

Tina Lundegaard og  
Ole-Hermann Nesse

10.07.2021

Maren Mardal og Bjarte Aasbø

17.07.2021

Methoda Sripecth og Odd Johan Mork

24.07.2021

Eli Katrine Solberg og Idar Ørjansen

## Døde

Reidar Storesund f. 1936  
Synnøve Moe Dreier f. 1940  
Hjørdis Hagenes f. 1927  
Nansy Almilla Langholmen f. 1932  
Kari Pedersen f. 1957  
Solveig Tellnes f. 1932  
Olaf Fritz Eide f. 1930  
Jan Egil Fjæreide f. 1938  
Solveig Marie Øvsthus f. 1938  
Vigdis Kongshavn Johannesen f. 1951  
Hildur Laila Høysveen f. 1941  
Nils Magne Bildøy f. 1931  
Berit Gunn Altmann Larsen f. 1942  
Herborg Karolina Foldnes f. 1921  
Magnhild Valborg Morland f. 1939  
Liv Kristin Kleppe f. 1931  
Audun Kjell Hjartøy f. 1943  
Aslaug Arvidson f. 1935  
Liv Anne Alden f. 1961

## Foldnes kyrkje

## Døypete

23.05.2021

Live Torkelsen Lie  
Solveig Ulvesæter Foldnes

06.06.2021

Nikolai André Løtveit-Tollefsen  
David Indrebø Eriksen

12.06.2021

Elena Isabel Espeland Foldnes  
Nora Kviteberg Fondevik  
Noah Aloysius Gaulen

20.06.2021

Peder Katla Sangolt  
Othilia Solheim

03.07.2021

Mattis Johan Vilkenes Brøvig  
Arabella Marie Spjeld  
Magnus Agdesteen-Sagstad

04.07.2021

Jenny Bø Eikeland  
Anna Olina Kivijärvi Fjæreide

25.07.2021

Linnea Tangen Isdahl  
Ella Aurora Fossdahl Christiansen  
Sondre Telle Jensen

15.08.2021

Eric Georg Lie Riise

21.08.2021

Lukas Nygård Sunde  
Elias Olsen Jakobsen  
Nikolas Vike Paulsen  
Elvira-Constanse Johansen Ødegård  
Rikke Lovise Kårtveit

05.09.2021

Adam Hovdenakk Helle Sønstabø  
Filip Sande

## Vigde

03.07.2021

Malene Nordeide og  
Ole Martin Skartveit

21.08.2021

Ina Marie Einevoll Torsvik  
og Lars Foldnes

## Døde

Malvin Bernt Arefjord f. 1931  
Alf Øystein Vik f. 1931  
Ståle Sundby f. 1944  
Nils Jørgen Hevrøy f. 1964  
Gerda Berland f. 1927  
Johanna Sandøy f. 1938  
Magnar Kjell Sæle f. 1946  
Wenche Larsen f. 1938  
Agnes Alvide Pettersen f. 1928  
Tove Vig f. 1948

## Landro kyrkje

## Døypete

30.05.2021

Sigurd Skutle Lie

06.06.2021

Tord Christian Rekve

13.06.2021

Gabriel Hjartøy Vik

27.06.2021

Elliot Eines Sjumarken

08.08.2021

Sigrid Elise Solberg  
Paul Gabriel Solli  
Sofie Solsvik Halland

22.08.2021

Klara Amanda Landro Sekkingstad  
Amalie Wirsching Berntzen

## Døde

Mathilde Josefine Monsen f. 1925  
Jonas Martin Misje f. 1922  
Gunn Misje f. 1953

**Sotra Omegn**  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravningsbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjenet 2, 5353 Straume  
(samme hus som Vest-Nytt 2. etg.)

**Fjell-ly** **Leirstedet til IMF Midthordland**

- Leir - Ungdomsklubb - Catering - Bowling - Kurslokaler - Overnatting - Selskapslokaler til små og store anledninger - Bursdagsarrangement

**Tlf. 56 31 04 40**

**Fjell-ly leirsted**  
Møvikvn.193, 5357 FJELL. [www.fjell-ly.no](http://www.fjell-ly.no)

**PH HEDER** **SOLSTRANDS BEGRAVELSESBYRÅ**

Vårt avdelingskontor på Sotra  
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

**Telefon 55 55 16 16 - hele døgnet**  
[www.solstrands.no](http://www.solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

**Bjorgvin** **Døgnvakt 55 20 23 00**  
BEGRAVELSESBYRÅ [www.bjorgvin-b.no](http://www.bjorgvin-b.no)

Seremoni etter pårørendes ønsker, med omtanke og verdighet.

**Bergen Omegn**  
BEGRAVELSESHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
[www.bergenogomegn.no](http://www.bergenogomegn.no)

**AVD. BERGEN** Teatergt. 20, 5010 Bergen, Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA** 2.etg på Shellstasjonen Sartor, 5353 Straume, Tlf: 55 21 44 50

**Godfoten** FOTTERAPI

Velkommen til oss på Rong senter  
Timebestilling på mob nr 94023865 eller på [www.godfoten-as.no](http://www.godfoten-as.no) Vi har gavekort!

**Din lokale elektriker!**

**Vestgar Elektro**

Møllestykket 21  
5360 Kolltveit  
**Tlf. 400 30 210**  
[post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)  
[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

**BYGGESELSKAPET A/S**

5357 FJELL  
Tlf. 56 33 09 60 – Mob. 905 70 203  
Fax. 56 32 08 75

**ØYGARDEN** **Treng du transport til eit av handlesentera?**

Då ønskjer vi å høyre frå deg. Vi treng å kartleggje om det er eit behov for transport til og frå handlesentera i den sona du bur. Send e-post til transportkoordinator Merete.Folkestad@oygarden.kommune.no eller ring 900 68 116.

- Sone Nord, Rong senter: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Sør, Sundsenteret: onsdagar 11.00-13.00
- Sone Straume, Sartor Storsenter: torsdagar 11.00-13.30

[OYGARDEN.KOMMUNE.NO](http://OYGARDEN.KOMMUNE.NO)

## Kontaktinfo

### Soknerådsleiarane

**Fjell sokneråd:**  
Jorunn Småbrekke Gjersvik  
[jorunn.gjersvik@bkkfiber.no](mailto:jorunn.gjersvik@bkkfiber.no)

**Foldnes sokneråd:**  
Per Helge Refvik  
[perhelgerefvik@msn.com](mailto:perhelgerefvik@msn.com)

**Landro sokneråd:**  
Tove Karin Lyngsmo Angeltveit  
[tove.karin@outlook.com](mailto:tove.karin@outlook.com)

### Kyrkjeverje

Annlaug Børve 473 04 530  
[ab766@kyrkja.no](mailto:ab766@kyrkja.no)

### Sjalesorg og samtale

Vi har alle teieplikt, så det som vert fortald oss kjem ikkje vidare. Du må difor med frimod ta kontakt med ein av oss:

Prost Jan Tommy Fosse	924 63 278
Sokneprest Bjarte Nese	915 32 437
Sokneprest Maria Tveten	450 63 016
Sokneprest Morten Torsvik	909 37 169
Prostiprest Knut Kaldestad	977 24 017
Diakon Astrid Fylling	971 75 733

### Får du ikkje Fjell kyrkjeblad?

Dersom du, eller nokon du kjenner, ikkje får Fjell kyrkjeblad i postkassen, er det viktig at vi får beskjed om dette slik at vi får retta opp i feilen.

Ta kontakt på telefon **400 03 316** eller [post.oygarden@kyrkja.no](mailto:post.oygarden@kyrkja.no) ved manglande levering.

### Innleveringsfrist

for annonsar, artiklar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad:  
9. november

 **-dagen** trusoplæringsdagen **KFUK-KFUM ÅPENBARNEHÆ**

## Babysong

I haust blir det jamlege babysongsamlingar i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje.

**Fjell kyrkje**  
Måndagar kl. 12.30-14.30.  
Påmelding til Vibeke Supphellen på tlf. 975 78 956.

**Landro kyrkje**  
Kvar onsdag kl. 10.30-12.30.  
Påmelding på epost til [tove.angeltveit@kfuk-kfum.no](mailto:tove.angeltveit@kfuk-kfum.no)

**Foldnes kyrkje**  
Annakvar måndag (partallsveker) kl. 10.00-12.00  
Påmelding: [www.kyrkja.no/oygarden/babysong](http://www.kyrkja.no/oygarden/babysong)

Følg med på facebookssidene til "Øygarden KFUK/KFUM åpen barnehage" og "T-dagen" for meir info.

**Velkommen!**

## Song- og musikkveld med songkoret Telos

 **Landro kyrkje**  
**onsdag 27. oktober kl. 19.30**

Allsong med forsongarar og band

## GOSPELKOR!



Vi har starta opp gospelkor!  
Alder 18+ og ingen øvre aldersgrense  
Onsdagar kl. 19.30-21.30 i Foldnes kyrkje  
Dirigent er Lene Innerdal  
Har du spørsmål, kontakt Renate Olsen Seim på tlf. 994 63 819



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Foldnes selen

# Barne- kryssord

Returadresse:  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume



## Vannrett:

1. Årstid
6. Retning
7. Fugl
9. Moderne
10. Smart
12. Yte
13. Eva Disen
14. Olav Telle
15. Avis
16. Jentenavn
18. Eli Iversen
19. Supersmart
20. Ragna Golten

## Loddrett:

1. Helligdag
2. Hovedstad
3. Morten Torsvik
4. En Fleksnes
5. Budbringere
8. Tåkete
9. Iselin Eide
11. Ikke med
17. Månefase

**Bli med i trekninga  
av hamburger med  
drikke og dessert for  
4 personar på Burger  
King Sartor!**



**Send inn kryssord til:**  
Øygarden kyrkjekontor  
Tytebærbrekko 2  
5353 Straume  
Merk konvolutt: Kryssord  
Frist: 9. november

**Vinnar av Barnekryssord  
i nr. 3 – 2021:**  
Sofia Stordal  
frå Brattholmen



## Dåp

## Ein god start på livet

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda. Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon og påmelding  
til dåp og dåpskurs gå inn på  
[kyrkja.no/oygarden/dap](http://kyrkja.no/oygarden/dap)

Namn.....

Adresse.....

.....



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Øygarden kyrkjelege fellestråd